

SAK 67/21 ÅRSBUDSJETT 2022 OG ØKONOMIPLAN 2022 - 2025

Saksopplysning:

I tillegg til årleg driftsbudsjett for Regionrådet skal det utarbeidast økonomiplan for fireårsperioden og handlingsprogram. Bakgrunn for økonomiplan/handlingsprogram er: Strategisk plan for Hallingdal, årsbudsjett 2021 og rekneskap for 2020.

Driftsbudsjettet for 2022:

Driftsbudsjett 2022 tek utgangspunkt i rekneskapet for 2020, budsjett for 2021 og dei erfaringar ein har med drift av regionrådskontoret. Totalt er det for 2022 lagt inn ein eigeninnsats på kr. 400.000, som vil bli refundert frå prosjekt. Tilskot frå kommunane er budsjettert med kr. 2.180.000, som er ei auke på kr. 80.000 frå 2021, eller ca. 3,8%. I tillegg kjem Hallingdal si finansiering av «Ungt Entreprenørskap» som for første gong tatt inn i Regionrådet sitt budsjett etter vedtak i Hallingtinget i desember 2020.

Disposisjonsfond:

Hallingtinget vedtok sist år at Regionrådet sitt disposisjonsfond blir ståande på kr. 687 289,81 for 2021 og at ein går attende til vedtak på kr. 800.000 frå og med budsjettåret 2022. Ved reknskapsavslutninga for 2021, sak 01/20 var disposisjonsfondet redusert med kr. 200 000 for å dekke tilskot til Norsk reiselivsfagskole , sak 51/18 og omlag kr. 53 000 for å dekke underskot på reknskapsåret 2020.

For å få dette opp att på mot kr 800 000, jf vedtak, foreslår administrasjonen at følgande midlar som står på bunde fond blir overført til dispfond:

25199818 Fjell og Fjord Film	kr. 299 860,00
25199865 Vassfaret Bjørnepark	kr. 30 000,00
<u>Disposisjonsfondet pr. i dag er på</u>	<u>kr. 433 811,67.</u>
Totalt	kr. 733 701,67

Om Hallingtinget går for denne løysinga blir disposisjonsfondet for 2022 på kr. 733 701,67.

Strategisk plan for Hallingdal

Strategisk plan for Hallingdal er den overordna planen for arbeidet til Regionrådet. Det må likevel vera rom for å kunne støtte tiltak som kjem opp undervegs sjølv om det ikkje er ein del av planen. Når det gjeld gjennomføring av tiltak i Strategisk plan for Hallingdal og finansiering av desse skjer dette no m.a. med avsette midlar til strategisk plan og ulike verkemiddelpostar som det kan søkjast midlar frå. Me får heller ikkje i år utviklingsmidlar frå fylkeskommunen (partnerskapsavtala), som tidlegare har vore i storleik 2,5 mill. kroner pr. år. Det blir arbeid kontinuerleg opp mot verkemiddelapparatet, for å styrke finansieringa av prioriterte tiltak, og erfaringsmessig hentar me ut ca. 1. mill til ulike prosjekt, som vert lagt inn i budsjettet.

Samandrag økonomiplan 2022 – 2025 (2020-kroner)

TILTAK	2022	2023	2024	2025
Driftsbudsjett	3.510.000	3.000.000	3.090.000	3.190.000
Tiltak Strategisk plan (eksternt og internt)	1.800.000	1.900.000	1.900.000	1.900.000
SUM	5.310.000	4.900.000	4.990.000	5.090.000

Finansiering

TILTAK	2022	2023	2024	2025
Kommunane, driftsbudsjett	2.480.000	2.560.000	2.690.000	2.790.000
Eigeninnsats	400.000	300.000	300.000	300.000
Renter	180.000	140.000	100.000	100.000
Næringsfond	450.000	0	0	0
Kommunane, tiltak Strategisk plan	800.000	900.000	900.000	900.000
Fylkeskommunen, tiltak Strategisk plan	1.000.000	1.000.000	1.000.000	1.000.000
SUM	5.310.000	4.900.000	4.990.000	5.090.000

Forslag til vedtak

I sak 10-19 rådde Hallingtinget til at Regionrådet sitt disposisjonsfondet minimum skal vera kr. 800.000 ved starten av året:

- Hallingtinget gjer framlegg om at kommunane vedtek forslag til driftsbudsjettet for 2022, med ei kommunal finansiering på kr. $2.180.000 + 300\ 000 = 2\ 480\ 000$
- Til gjennomføring av tiltak i Strategisk plan for Hallingdal, rår Hallingtinget at det blir løyvd kr. 800.000 for 2022, frå kommunane i Hallingdal.
- Hallingtinget rår til at Regionrådet sitt disposisjonsfond blir ståande på kr. 733 701,67 for 2022 og at ein går attende vedtak på kr. 800.000 frå og med budsjettåret 2023.
- Hallingtinget rår til at Regionrådet kan nytte inntil kr. 350.000 pr. år av disposisjonsfondet, til aktuelle tiltak som ikkje er budsjettetert. Løyvingar må takast opp ved den årlege budsjetthandsaminga.
- Hallingtinget rår til at det frå disposisjonsfondet kan nyttast inntil kr. 350.000 til interkommunale tiltak, der det ikkje er sett av midlar, men der kommunane er positive til deltaking. Føresetnaden er positive vedtak i den einskilde kommune.
- Hallingtinget vedtek forslag til økonomiplan 2022 – 2025.

Hallingdal 18. sept 2021

Jan Olav Helling Dagleg leiar

Vedlegg 1: Forslag til driftsbudsjett for 2022.

Vedlegg 2: Forslag til kostnadsdeling, mellom kommunane for 2022

REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL, DRIFTSBUDSJETT FOR 2022

KONTO TEKST	BUDSJETT FOR 2022	BUDSJETT FOR 2021	REKNESKAP FOR 2020
ADMINISTRASJON			
10100 Løn	2 050 000	1 550 000	1 784 001
10990 Arbeidsgjevaravgift	210 000	190 000	203 360
10900 Pensjon	246 000	235 000	243 009
11900 Husleige	100 000	100 000	87 669
11301 Telefon	5 000	20 000	4 193
11300 Porto	1 000	2 000	992
11000 Kontorrekvisita, tidskrift, faglitt.	5 000	5 000	811
12000 Inventar og utstyr inkl.12002	10 000	10 000	41 440
11600 Reiseutgifter, adm. Inkl.11702, 11703	30 000	50 000	30 288
11151 Møteutgifter	10 000	20 000	7 114
11500 Kurs, konferansar inkl.11950	10 000	10 000	12 119
11402 Brevark, konvoluttar, logo, profilering	5 000	5 000	1 453
11951 Lisensavgifter inkl 11953	70 000	70 000	71 434
11209 Ymse utgifter administrasjon	10 000	20 000	2 271
13750 Rekneskapsføring/revisjon, konsulent	50 000	35 000	59 221
SUM ADMINISTRASJONSKOSTNADER	2 812 000	2 322 000	2 549 375
POLITISK DEL			
10800 Godtgjersle leiar	48 000	48 000	46 500
10801 Møtegodtgjersle	30 000	40 000	25 052
10990 Arbeidsgjevaravgift	7 000	7 000	4 929
11151 Bevertning	70 000	70 000	108 382
11600 Reiseutgifter inkl.11703 og 11900	40 000	40 000	49 867
11950 Kontingent Fjellregionsamarbeidet 889	57 000	57 000	57 000
11209 Ymse utgifter Regionrådet	20 000	20 000	39 943
12700 Konsulenttenester og juridisk bistand	0	0	0
14700 Tilskot "Dølaminne"	6 000	6 000	6 000
Drift Hallingdal Ungdomsråd 876	120 000	120 000	120 000
Ungt entreprenørskap 836	300 000		
SUM UTGIFTER REGIONRÅDET	698 000	408 000	457 673
TOTALE KOSTNADER	3 510 000	2 730 000	3 007 048
INNTEKTER			
17500 Frå kommunane etter fordeling, drift	2 180 000	2 100 000	2 020 000
12700 Eigeninnsats prosjekt, refundert	400 000	400 000	411 000
12700 Lønnsutgifter KAG næringsfond	450 000		450 000
19000 Renter av bankinnskott	180 000	230 000	179 535
17500 Tilskot kommunane Ungt entreprenørskap	300 000		
19400 Bruk av disposisjonsfond		52 000	-53 487
SUM INNTEKTER	3 510 000	2 782 000	3 007 048

REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL

FORDELING AV KOSTNADER 2022

FORDELING AV KOSTNADER TIL DRIFT:

30 % etter deltakarer i regionrådet

70 % etter folketal (utgang 2. kvartal 2021)

BUDSJETT 2 480 000

FORDELING KOSTNADER STRATEGISK PLAN

Fordeling er gjort etter folketal utgang 2. kvartal 2021

BUDSJETT 800 000

DISPOSISJONSFOND

Fordeling er gjort etter folketal utgang 2. kvartal 2021

BUDSJETT 0

KOSTNAD PR. KOMMUNE:

KOMMUNE	INNB.	1.1-30.6	1.7-31.12	DRIFT	STR.PLAN	DISP.FOND	TOT SUM	TOT SUM
							2022	2021
Flå	1050	106 215	106 215	212 430	40 751	0	253 181	220 712
Nesbyen	3242	198 519	198 519	397 037	125 824	0	522 861	465 634
Gol	4651	257 851	257 851	515 701	180 507	0	696 209	615 639
Hemsedal	2557	169 674	169 674	339 347	99 238	0	438 586	380 564
Ål	4652	257 893	257 893	515 785	180 546	0	696 332	623 494
Hol	4461	249 850	249 850	499 700	173 133	0	672 833	593 957
SUM	20613	1 240 000	1 240 000	2 480 000	800 000	0	3 280 000	2 900 000

Ål 18.9.2021

Jan Olav Helling
Dagleg leiar